

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 21.08.18

Til stades: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre. 1.vara: Sigurd Totland.

*Soknerådsleiar Rune Sivertsen leia den fyrste halvdel av møtet. Så måtte han gå, og nestleiar, Gunnvald Bjotveit overtok og leia siste halvdel.

Sak 56 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 04.06.18.

Innkalling og møtebok godkjend

Sak 57 – 2018 Møte med ny trusopplærar, Marta Havn + TOL-utval.

Marta Hamn presenterte seg, og det var samtale om arbeidet som fell under TOL-utvalet sitt ansvarsområde

Sak 58 – 2018 Oppfylging av tidlegare saker.

- **Utbetring av inngangsparti:** Rune har kontakta Trygve Leigland, og han vil ta kontakt med Trygve Landmark for vidare framdrift.
- **Innsamling av boss 26.08, etter gudstenesta:** Konkret planlegging og praktisk tilrettelegging vart gjort.
- **Kyrkjelydsseminar 22.09:** Det vert servert ein enkel varmmrett. Det er viktig med same ordlyd i infoen om seminaret. Soknerådet gjev sin tilslutnad til det som elles vart framlagd. Komiteen vil ha eit ekstra møte for tilrettelegging av alt det praktiske.

Sak 59 – 2018 Endring av offerlista

Vedtak: Offeret den 26.08 går til kyrkjelydsarbeidet.

Sak 60 -2018 Teleslyngja må reparerast.

Elin orienterte, og sa at teleslyngja no fungerer

Sak 61 – 2018 Kort evaluering av sommaren.

Mellom 17. juni og 29. juli var det ingen gudstenester i Moster kyrkje. Moster sokneråd forventar at det er ei viss rullering mellom kyrkjene når det gjeld gudstenester om sommaren på Bømlø. Soknerådet har motteke reaksjonar på at dette var anleis i sommar. Soknerådet forventar at det ikkje vert så lenge mellom gudstenestene i Moster kyrkje til neste sommar.

Ein bør vurdere å ha Olsokgudstenesta ein time tidlegare p.g.a. lysforholda i Moster gamle kyrkje.

Sak 62 – 2018 Datoar for «stor» kyrjekaffi hausten 2018.08.

Vedtak: Me lagar til kyrjekaffi med kaker og saft fylgjande datoar: 26.08. – 6-årsbibel; 23.09. – konfirmantpresentasjon; 21.10. – 4-årsbok; 18.11. – Lys Vaken.

Sak 63 – 2018 Kvartalsrapport

Kvartalsrapporten syner gode tal. God info om kva ofringane går til, og auka bruk av Vipps, kan vere årsaker bak dei gode tala. Kvartalsrapporten vart elles teken til vitande.

Sak 64 – 2018 Referat og meldingar

- Status godkjenning av preikestolsklede. Ventar på skriftleg godkjenning frå bispekontoret.
- Bønesamlingar før gudstenestene startar fyrstkomande søndag.
- Kveldssamlingar hausten 2018 er klare
- Medarbeiderfest 18/10: Komitè møte vert i løpet av september
- Orgelkomite. Det vart orientert. God progresjon i prosessen.
- Tilsetjingar ved kyrkjekontoret + avskilsfest Jostein Molde 30.09. tilsetjing av ny Kantor: Øystein Lund Olavsén

Sak 65 – 2018 Innkjøp av mikrofonar:

Soknerådet vedtek kjøp av 4 stk mikrofonar til kr. 9754 inkl. moms. I tillegg må det kjøpast stativ.

Per Harald Gjerde
skrivar